



Notat

Dato: 17.02.2015
Arkivsak: 2015/1935-2
Saksbehandlar: jannor

Til: Jostein Aksdal

Frå: Jan Nordø

Søknad om løyve til å byggja 6 (7) småkraftverk i Vaksdal og Voss kommunar

Syner til tidlegare kontakt om søknadene, som no er lagt inn i EPhorte. Høyringsfristen er 23.03.15, men eg kjem til å be om utsett frist sidan sakene skal til politisk handsaming i KURE 19.03. og i FU 26.03.15. NVE er varsla og har bede oss senda formell søknad, men rekna med at utsett frist gjekk greitt.

I tillegg til dei 6 småkraftverka i «pakka», kjem Boge 3 i Vaksdal kommune, som har same høyringsfrist. NVE har gjeve tilbakemelding på at vi kan leggja Boge 3 inn i «pakka». Då blir det 7 småkraftverk.

Boge 3 ligg hos ein annan sakshandsamar, men eg skal be om at saka blir overført til meg og blir lagt inn i Vaksdal/Voss-pakka.

Fint viss eg kan få innspela frå kultur innan måndag 2. mars slik at eg får tid å innarbeida dei før eg sender til godkjenning.